

Toril F. Hoem, Hege Rangnes og Åse Kari H. Wagner



VEILEDADA LESING

i samtale om tekst

 **Lesesenteret**
Nasjonalt senter for
leseopplæring og leseforskning

Universitetet i Stavanger

I samarbeid med Kari Berge, Nina Lyshaug og Marit B. Raknerud

Innleiing

Denne brosjyren er del av eit materiell til bruk i veileda lesing på mellom- og ungdomstrinnet. I tillegg til brosjyren består materialet av

- ein plakat med oversikt over ulike leseutfordringar knytte til *arbeid i tekst*, *arbeid ut over tekst* og *kritisk arbeid med tekst*
- eit observasjonsskjema for å følgje med i leseutviklinga til kvar einiskild elev (sjå lengst bak i brosjyren)

Materialet er laga for å støtte lærarar i arbeidet med å utvikle elevane si leseferdigheit gjennom veileda lesing. Brosjyren innleiar med å seie noko om kva veileda lesing er, kvifor veileda lesing også er relevant på mellom- og ungdomstrinnet, og korleis veileda lesing kan planleggjast og gjennomførast. Deretter følgjer det som er kjernen i brosjyren: framlegg til samtalestøtte i rettleidd lesing. Til slutt har brosjyren to korte tekstar med eksempel på førebudd samtalestøtte. .

Vi byggjer på eit tilsvarende materiell utvikla for begynnaropplæringa.¹ Ressursane byggjer på forskning som viser at norske lærarar gjev mykje førlesingsstøtte i tekstarbeidet, og at dei ofte inviterer til samtalar om tekst. Derimot ser det ut til at lærarane kan trenge fleire strategiar for å arbeide tett på teksten.² Det vil seie å *arbeide i tekst*, *arbeide ut over tekst* og *arbeide kritisk med tekst*.³ Lærarane ser heller ikkje ut til å ta skriftlege notat om lesinga til elevane, slik at dei på ein systematisk måte kan følgje med på leseutviklinga til elevane.⁴




¹ Håland & Wagner (2021) Veileda lesing. Materiell til bruk i begynneropplæringa (brosjyre, plakat og observasjonsskjema)

² Håland, Wagner & McTigue (2021) Rangnes (2019), Swanson (2016)

³ Fountas & Pinnell (2018)

⁴ Håland, Wagner & McTigue (2021)



Kva er veileda lesing?

Veileda lesing er ein strukturert lesemetodikk utvikla på New Zealand for å støtte elevar i leseutviklinga. Veiledninga skjer gjennom samtalar mellom lærar og elev(ar) om ulike leseutfordringar i tekstar. Veileda lesing kan brukast til å fremje elevane si utvikling av grunnleggjande ferdigheiter i lesing i alle fag, og eignar seg både i små grupper og i heilklasse, og for elevar på alle nivå.

Kvifor veileda lesing?



På mellom- og ungdomstrinnet skal elevane bli sjølvstendige og engasjerte lesarar som brukar føremålstenlege strategiar i møte med utfordrande tekstar i ulike sjangrar. Veileda lesing og samtalestøtta som blir presentert under, vil kunne bidra til å utvikle desse ferdigheitene. Den heilskaplege tilnærminga – der ein både arbeider *i teksten*, *ut over teksten* og *kritisk med teksten* – stør også djupnelæring og kritisk refleksjon.

Korleis veileda lesing?

Spørsmåla i samtalestøtta er i stor grad tekstavhengige, slik at elevane må finne svar i teksten og ikkje i egne erfaringar. Dei ulike spørsmåla gjer at elevane må lese teksten fleire gongar med ulikt føremål. Hensikta med veiledninga er å rette merksemda til elevane mot dei utfordrande tekstdelane. Spørsmåla er meinte som inspirasjon. Læraren vel ut dei spørsmåla som er tilpassa leseutfordringar i teksten som skal lesast. Ei økt med veileda lesing vil innebere følgjande:

1. Førebuing av samtalen om teksten:

- Bruk tekstar som allereie er i bruk i undervisinga, og som elevane uansett skal lese. Sidan øktene med veileda lesing ofte er korte, kan ein velje sentrale utdrag om teksten er lang.
- Les teksten nøye, og finn fram til leseutfordringar i han (sjå eksempel i «Samtalestøtte» under). Vel så kva slags utfordringar elevane skal øve seg på, og formuler det som eit mål for økta.
- Vel spørsmål som rettar seg mot målet for økta. Vel også spørsmål som kan bidra til at elevane må lese teksten fleire gongar på ulike måtar, og som krev at elevane grunnjev svara sine med utgangspunkt i teksten, ikkje berre i erfaringar eller bakgrunnskunnskap.
- Førebu gjerne ein sekvens der du modellerer korleis elevane kan tenkje for å finne svar på eit utfordrande spørsmål. Det betyr at du eksplisitt viser elevane korleis du tenkjer for kvart steg du må ta i prosessen for å kome fram til eit svar basert på informasjonen i teksten. Etter modelleringssekvensen kan du be elevane om å gå saman to og to og gjere det same med eit liknande spørsmål. Sjå eksempel på modellering bak i brosjyren.



2. Kort førlesing av teksten

I førlesingsfasen hjelper læreren elevane med å rette merksemda mot teksten. I økter med veileda lesing bør førlesingsfasen vere kort, slik at ein kan bruke mest mogleg tid på sjølve teksten. Set av avgrensa tid til eitt eller to innleiande spørsmål, som for eksempel:

- Kva slags tekst er dette (fagtekst, dikt, forteljing, digital tekst ...)?
- Når du ser denne teksten, korleis tenkjer du det passar å lese han?
- Kvifor tenkjer du at vi skal lese han akkurat slik?
- Desse tre orda fortel noko om kva denne teksten handlar om: jordbruk, sprøytemiddel, fortvilning (ord som er valde ut på førehand av læraren). Kva trur du teksten handlar om?
- Har du nokon gong ...? (kople innhaldet i teksten til elevane sine egne erfaringar)

3. Tekstlesing

Elevane bør ha teksten fysisk framføre seg. Les teksten høgt i plenum, slik at alle elevar får lik tilgang til teksten. Be gjerne elevane setje eitt eller fleire lesesteikn i marginen under høgtlesinga:

- vanskelege/uklare ord/tekstdelar: ?
- kjend informasjon: ✓
- positiv til: +
- negativ til: -




4. Gjennomfør samtalestøtta

Bruk nøye utvalde spørsmål. Det er viktig å planleggje for at ein i løpet av fleire økter med veileda lesing arbeider variert med tekst – altså både *i teksten*, *ut over teksten* og *kritisk med teksten*. Men i den enkelte økta må ein velje ut éi eller nokre få leseutfordringar (f.eks. nokre spørsmål under «Ord- og setningsforståing» og/eller «Lage samband»). Ein rekk ikkje alt i same økt, så det er viktig å ikkje velje for mange punkt.



TOLKE LITTERATUR



Samtalestøtte

Arbeide i sjølve teksten

Ord- og setningsforståing

Bruke føremålstenlege strategiar for å lese og forstå ord og setningar:

- Er det nokre ord her du ikkje forstå? Er det noko i teksten som kan fortelje kva ordet betyr?
- Korleis hjelper forfattaren oss med å forstå kva ordet ... betyr?
- I denne teksten finn vi ordet *resirkulere*. Kva slags delar består dette ordet av? Kva betyr det at det står *re-* framføre *sirkulere*? Kva hadde det gjort med teksten om det stod å *sirkulere ein gong til* i staden for *resirkulering*?
- Prøv å erstatte ordet ... med eit anna ord som betyr nesten det same (synonym).
- Kva meiner vi med metaforen ...? Kvar i teksten står det som gjer at du skjønner kva metaforen betyr?
- Kvifor er dette ordet nemnt fleire gongar? Får du meir informasjon om ordet på dei ulike stadane i teksten?
- I denne setninga står det *det/han/ho/dei* ... Kva viser ordet til?
- Denne setninga inneheld ordet *difor/fordi/men* ... (eit bindeord som markerer årsak, verknad, kontrast e.l.). Kva viser det til?
- Mellom desse to setningane er det ikkje noko bindeord (*Hundar høyrer svært godt. Vi kan bruke dei som vakhund.*). Kva slags bindeord (*difor, såleis* e.l.) kunne vore brukt?
- Sjå på setninga *Avgjerda vart tatt på høgaste nivå* (nominalisering og passiv): Kva betyr *avgjerd*, og kven tar avgjerda?


METAFØR

Leseflyt

Lese med god flyt, med føremålstenlege pausar, intonasjon og trykk:

- Prøv å lese orda slik at det høyrer meir ut som tale/snakk. Høyrer det betre ut no?
- Kan du lese setninga/ordet inni deg og prøve på nytt?
- Eg la merke til at du las veldig flytande i denne delen av teksten, men i den andre delen stoppa du meir opp. Har du nokre tankar om kvifor?
- Dette er eit langt ord/eit samansett ord/eit framandord. Korleis kan vi dele opp ordet slik at det blir lettare å lese? (an-alfabet-isme, bølge-lengde, pre-historisk)

BØLGELENGDE



Tekststruktur

Leggje merke til korleis teksten er bygd opp:

- Kva slags struktur har denne teksten? (kronologisk, påstand-belegg, problem-løysing, årsak-verknad, samanlikne/kontrastere ...)
- Kvar i teksten kan vi finne bevis for denne strukturen?
- Korleis hjelper denne strukturen oss med å forstå kva som skjer/kva det argumenterast for/kva som skildrast ...?
- Kva for ei hending skjedde først? Kva skjedde deretter?

Bruke informasjon i teksten

Bruke strategiar for å ta inn den informasjonen som er gjeven i teksten, for å forstå det forfattaren vil formidle:

- Kva ser du som kan hjelpe deg å forstå teksten?
- Kva legg du først merke til når du ser på teksten? Kvifor legg du merke til dette?
- Kva slags informasjon får du gjennom bildet/tabellen/illustrasjonen?
- Kva er samanhengen mellom verbaltekst og bilde/tabell/graf, og korleis «snakkar» dei ulike delane saman?

Oppsummere

Hugse informasjon, gje att og oppsummere tekst:

- Kan du gjenfortelje historia? (Her kan ein gjerne gje elevane støtte ved å bruke setningsrammer som *Først ...*, *deretter ...*, *så ...* og *til slutt ...*)
- Kva handlar det første avsnittet om? Kva handlar det andre avsnittet om? (Lag overskrift/trekk ut eitt nøkkelord til kvart avsnitt.)
- Kva er sentrale idear/tema i denne teksten?



Arbeide ut over teksten

Lage samanhengar

Knyte an til eige liv, andre tekstar eller verda.

- Har du nokon gong ...?
- Kva ville du gjort dersom du var i X sin situasjon?
- Er du einig i det X seier/gjer når ho ...? Kvifor/kvifor ikkje?
- Samanlikn denne teksten med tekstar vi har lese tidlegare. Kva er likt, og kva er ulikt?
- Liknar dette på noko som kunne skjedd i den verkelege verda/på ekte? På kva måte er det ulikt frå det som kunne skjedd i den verkelege verda?

Gjere inferensar

Tolke teksten og tenkje på kva forfattaren kan meine, men ikkje eksplisitt har skrive:



- Kva trur det betyr at ...?
- Korleis forstår du personane?
- I første avsnitt får vi vite Korleis kan det henge saman med ..., som kjem fram på neste side?
- Kvifor gjer person X slik når ... skjer? Kva stadar i teksten gjev oss informasjon om ein mogleg årsak/ei mogleg forklaring?
- Då du sa at Per vart lei seg ..., kva var det som fekk deg til å tru det?
- Her står det Kvar i teksten må vi gå for å finne ut av kva ... inneber? Finn vi det ut ved å sjå berre éin plass i teksten? Er det andre stadar i teksten som også fortel oss noko om ...?
- Kva tenkjer du teksten *eigentleg* handlar om, og kvifor tenkjer du det?
- Kva er det som gjer at du forstå teksten på den måten?

Justere forståinga (syntetisere)

Bruke informasjonen i teksten til å justere eiga forståing:

- Kva slags ny informasjon var det i tekst/bilde/språk? På kva måte endra den nye informasjonen forståinga di av teksten/temaet?
- Vi trudde teksten skulle handle om ..., stemte det? Kva var det som gjorde at vi hadde rett / tok feil? Kva gjorde det med forståinga vår?
- Korleis utviklar ein person, ei hending seg i løpet av teksten?
- Kva ønskjer forfattaren å få fram i denne teksten?
- Kva er hovudpoenget med denne teksten?
- Kva kan vi lære av historia om ...?





Arbeide kritisk med teksten

Analysere teksten

Definere type tekst. Finne forfattar og leggje merke til aspekt ved handverket til forfattaren. Leggje merke til tekstar si form, innhald, struktur, litterære kvalitetar, plot og karakterar:



- Kva slags tekst er dette? Kven har laga denne teksten? Kven er teksten laga for? I kva samanheng er teksten laga?
- Kan vi stole på informasjonen vi får i teksten? Korleis kan vi vite at ...? Kvifor blir X intervju i denne teksten?
- Korleis har forfattaren skriva teksten (overskrifter, avsnitt, bilde, lenkjer, tabellar m.m.)?
- Legg du merke til nokre språklege val forfattaren har tatt (rim, teiknsetjing, bruk av kursiv, språklege bilde)?
- Kvifor har forfattaren gjeve denne teksten overskrifta ...? Kunne teksten hatt ei anna overskrift?
- Kven handlar teksten mest om? Kven handlar teksten mindre om?
- Kva oppnår forfattaren med å velje denne synsvinkelen / denne forteljaren / dette perspektivet?
- Kva er forfattaren sitt syn på saka? Kva slags ord i teksten viser oss kva forfattaren meiner (ord som uttrykkjer usikkerheit/sikkerheit, ord som viser at forfattaren er ironisk, ord som dempar/framhevar noko, positive eller negative ord)?
- Kva gjer forfattaren for å overtyde lesaren (jf. dei retoriske appellformene etos, logos og patos)?
- Kvifor har forfattaren vald å fortelje historia / argumentere for sitt syn / beskrive tilhøvet på denne måten?
- Kunne det same vore formidla i ein annan sjanger (teikneserie, dikt, avisartikkel m.m.)?
- Er det namn på nokre produkt eller merkevarer i teksten?

Vurdere teksten

Tenkje kritisk om teksten og vurdere teksten sitt føremål, relevans og truverd:

- Tykkjer du dette er ein lykkeleg/trist/spanande/nifs/interessant/utfordrande tekst? Grunnge med eksempel frå teksten.
- Kva er føremålet med teksten? Vil forfattaren informere, skape debatt, påverke, underhalde?







- Kva slags kjelder har forfattaren brukt? Blir fakta presenterte på ein fleirsidig eller ein-sidig måte? Kan argument og påstandar kontrollerast?
- Finst det fakta som er utelatne? Korleis presenterast verkelegheita i teksten?
- Kan ein tolke budskapet på meir enn éin måte? Kva slags?
- Korleis likte du teksten? Greier du å seie noko om kvifor du likte / ikkje likte teksten/ slutten?
- Korleis er språket i teksten? Brukast det vanskelege fagord eller eit enkelt kvardagsspråk?
- Passar orda / dei språklege vala til akkurat denne teksten når vi veit at teksten er eit dikt / ein fagtekst / ein tekst frå internet?

Observasjon

For at elevane skal kunne få tilpassa leseopplæring, må leseutviklinga deira overvakast. I denne brosjyren har vi difor også tatt med eit enkelt observasjonsskjema. Skjemaet kan brukast når ein arbeider med veileda lesing i grupper, men også i heilklasse, når ein er fleire lærarar til stades. Det kan også brukast til utveksling av informasjon i lærargrupper. Observasjonar bør brukast målretta. Gjennomfør observasjonen med jamne mellomrom for å få ei oversikt over eleven si utvikling av leseferdigheiter.

Eksempel på utfylt observasjonsskjema

Observasjonsskjema til bruk i veileda lesing	Dato: 17.01.23
Navn: Elev 1	Trinn: 10
<p>Målet med økta: Elevane skal forstå budskapet og hensikta med teksten «Dialekter er djevelens verk» av Sanna Sarromaa.</p> <p>Vald samtalestøtte: Arbeide kritisk med teksten: Kva slags tekst er dette? Kva er føremålet med teksten? Kva er synet til forfatteren? Førlese: Velje tre sentrale ord. Tekstlesing: Settje leseteiken.</p> <p>Hypotese: Eg reknar med at det er krevjande for 10.-klassingar å forstå føremålet med teksten, sidan forfattaren brukar overdrivingar, ironi og humor</p>	
<p>Observasjonar:</p> <p>Elev 1 fekk ikkje med seg hovudbudskapet i teksten, og tenkte at forfattaren er imot norske dialektar i alle samanhengar. Undervegs minna eg om pluss- og minusteikna dei sette undervegs, og om det var nokre +. Det var det. Men eleven syntes framleis det var vanskeleg å forstå budskapet.</p> <p>Elev 1 såg ingen samanheng mellom dei tre orda og innhaldet i teksten.</p>	<p>Oppfølgingspunkt til neste økt, basert på observasjonane:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Behalde same mål. Snakke om kva ein kronikk er, kjenneteiken. 2. Jobbe meir med den same teksten ut frå nye punkt i samtalestøtta: <ul style="list-style-type: none"> - Kva gjer forfattaren for å overtyle lesaren? - Kva slags kjelder har forfattaren brukt? Blir fakta presenterte på ein fleirsidig eller ein-sidig måte? Er nokre fakta utelatne?



Materiellet er inspirert av:

- Fountas, I. & Pinnell, G.S. (2018). Every child, every classroom, every day: From vision to action in literacy learning. *The Reading Teacher*, 72(1), 7–19.
- Håland, A. & Wagner, Å. K. H. (2021). *Veiledet lesing. Materieell til bruk i begynneropplæringen* (brosjyre, plakat og observasjonsskjema). Lesesenteret.
- Håland, A. Wagner, Å. K. H. & McTigue, E. (2021). How do Norwegian second-grade teachers use guided reading? The quantity and quality of practices. *L1-Educational Studies in Language and Literature*, 21(1), 1–28. <https://doi.org/10.17239/L1ESLL-2021.21.01.02>
- Ingvaldsen, B. & Kristensen, I. (2006). *Makt og menneske*. Historie 8. N.W. Damm & Søn.
- Rangnes, H. (2019). Facilitating second-language learners' access to expository texts: Teachers' understanding of the challenges involved. *L1-Educational Studies in Language and Literature*, 19, 1–27.
- Swanson, E., Wanzek, J., McCulley, L., Stillman-Spisak, S., Vaughn, S., Simmons, D., Fogarty, M. & Hairrell, A. (2016). Literacy and text reading in middle and high school social studies and English language arts classrooms *Reading & Writing Quarterly*, 32(3), 199–222.

Eksempel på modellering

Tenk deg at du stiller følgjande spørsmål til tekstutdraget under: *Kva meiner ein med at Noreg fekk fiendar på alle kantar?* Dette er eit spørsmål som krev at lesaren lagar samband mellom informasjon frå ulike delar av teksten. Ha teksten på tavla/smartboarden. Det er viktig at du har høve til å teikne i teksten og vise elevane samanhengen mellom ulike delar. I tekstutdraget vi har valt, er informasjonen spreidd over fleire sider i læreboka.

Krig mot Sverige. I mars 1808 erklærte den dansk-norske kongen, Fredrik 6., krig mot Sverige, og no fekk Noreg fiendar på alle kantar. Svært få vanlege nordmenn, danskar og svenskar ønskte å krige mot kvarandre, men likevel skjedde det kamphandlingar i grensetraktene mot Sverige våren og sommaren 1808 (Ingvaldsen & Kristensen, 2006, s. 70).

Modellering av korleis læraren kan tenkje høgt for å svare på spørsmålet «Kva meiner vi med at Noreg fekk fiendar på alle kantar?»: *Eg ser at overskrifta på dette kapittelet er «Krig mot Sverige». Då lurar eg på kven som var i krig mot Sverige (marker med ? i margen)? På dei to førre sidene har eg lese om Danmark-Noreg, og eg tenkjer difor at det nok er Danmark-Noreg som er i krig med Sverige. Ah, og det får eg bekrefta i den første setninga. Der står det jo at den dansk-norske kongen gjekk til krig mot Sverige (set pil frå tittelen til denne setninga, og marker med ✓ i margen). Men eg er usikker på kva det betyr at Noreg hadde fiendar på alle kantar (marker med ? i margen). Sverige er jo berre på ein kant, austsida, og på vestsida av Noreg er det jo hav. Kven andre var involvert i krigen? Men vent, på førre side las eg: «[...] den danske regjeringa valde å gå inn i den europeiske konflikten på Napoleon si side.» (Marker med ein pil som peikar tilbake til førre side, og marker med ✓ i margen). Sidan Noreg var ein del av Danmark på den tida, må det bety at vi også var på Napoleon si side i den europeiske krigen. Men kven er Napoleon? Kvar har eg høyrte om han før? Ah, vi hadde jo om Napoleon i førre veke (marker med ✓ i margen). No hugsar eg. Han var ein fransk hærførar. Men kven andre deltok i den europeiske krigen (marker med ? i margen)? Kven kriga mot Napoleon og Frankrike? Hm ... på dei to førre sidene har eg lese om at Storbritannia bomba København, og at både Storbritannia og Napoleon var interesserte i den dansk-norske flåten, som var ganske stor. Då er det nok Storbritannia og Frankrike som er i krig, trur eg. Og Storbritannia ligg jo vest for Noreg, så då gjev det meining at Noreg fekk fiendar på alle kantar.*

Eksempel på tekstar med samtalestøtte

Under følger eksempel på to korte, autentiske tekstar i ulike sjangrar.

Eksempel 1

Artikkelen «Drømmer du om å bli fotballproff?» av Maren Bø (publisert på nyssgjerrigper.no 11.mai 2020) presenterer forskning på kva som skal til for å bli fotballproff. Her er det særleg det kritiske arbeidet med teksten som byr på utfordringar (kva er føremålet med teksten eller eit tekstelement, kva effekt har forfattere sine val, kor truverdig er teksten?). I denne økta bør det såleis setjast mål knytte til det å tenkje kritisk om tekst.

Læraren har planlagt eitt spørsmål som skal kople innhaldet i teksten til elevane sine erfaringar og på den måten hjelpe elevane inn i teksten i **førlesefasen**:

- Kva trur de skal til for å bli fotballproff?

Følgjande spørsmål er planlagde for å hjelpe elevane med å **arbeide kritisk med teksten**:

- Kva er hovudhensikta med denne teksten frå Nysgjerrigper?
- Kva er føremålet med bilda?
- Kva ønskjer forfattere å oppnå med å skrive innleiinga på denne måten?
- Kan vi stole på informasjonen vi får i denne teksten?
- Er det nokre fakta som er utelatne?
- Kan du foreslå ei ny overskrift til teksten?

Fleire av dei planlagde spørsmåla er tekstavhengige, slik at elevane må grunnkje svara med utgangspunkt i teksten, men nokre spørsmål krev også at elevane brukar egne erfaringar og eigen bakgrunnskunnskap.



Eksempel 2

Kronikken «Dialekter er djevelens verk» av Sanna Sarromaa (publisert i VG 6. mai 2021) gir uttrykk for forfattere si haldning til dialekter.

Læraren har planlagt to spørsmål for å støtte elevane i **førlesefasen**:

- Kva slags tekst er dette?
- Desse tre orda er sentrale i teksten: **dialektar, kommunikasjon, medium**. Kva trur du teksten handlar om?

2. Tekstlesing

- Teksten blir lesen høgt i plenum. Elevane har papirkopi av teksten framføre seg og blir bedne om å setje lesesteikn i marginen, + for positive omtalar av dialekt, - for negative.

3. Følgjande spørsmål er planlagde for å hjelpe elevane med å **arbeide kritisk med teksten**:

- Kva slags tekst er dette? Kven er sendar, og kven er mottakar?
- Kvifor har forfattere gjeve teksten overskrifta «Dialekter er djevelens verk»?
- Kva er føremålet med teksten? (informere, påverke, skape debatt, underhalde?)
- Kva er synet til forfattere i saka? Kva slags ord i teksten viser oss det?

Observasjonsskjema til bruk i veileda lesing	Dato:
Namn:	Trinn:
Målet med økta: Vald samtalestøtte: Hypotese:	
Observasjonar:	Oppfølgingspunkt til neste økt: 1. 2. 3.